

HEDLER-VELKEN

Høgdemeter over havet: 581

Lengde: ca.1,9 km en vei

Stigning: 286

Tid: ca 1 – 1,5 time ein veg (stølsvegen frå Velken)

Gradering: Lett tur

Vegskildring: Ta av frå Fylkesveg 13 mot Espeland (Ulvikhøgda) og mot høgre til Velken og Vindal. Fortsett oppover og køyr rett fram mot Velken. Køyr forbi den første garden og fortsett heilt inn til inste garden. Her kan du parkere ved det første store, raude huset. Gå fram til hovedhuset på garden og ta av til høgre opp mellom to av gardshusa. Her går det ein liten veg. Følg merkinga. Denne vegen er bratt. Gå vidare til du kjem til fleire bratte bakkar, og her tar du rett til høgre. Vegen rett fram er på skogsvegen, som også er fin å gå heilt fram til Hedler. Denne vegen er også merka. Stølsvegen går opp bakkane og vidare fram til Mjølstølen. Deler av den opprinnelige stølsvegen er øydelagt. Her er ein stor vårflor. Vegen går vidare inn i skogen. Følg stien oppover til du kjem rett under ein ny løe. No kan du sjå sjølve stølen Helder med dei to stølane. Gå vidare opp og fram til stølshuset lengst inn. Dette er stølen til Kristoffer Velken og turkassa heng her. Frå stølen er det flott utsikt ut over Granvinsfjorden. Her kan du kvile og ta pause når du et nista di, og ta mange flotte bilete.

Alternativ rute: Det er finast og lettast å gå frå *Barnemyra* (på veg opp mot Strindeskleiv der det står ein gammal Gilde Vest tilhengar). Det er ein kort og fint oppmerka skogsveg, som går over på sti opp til Hedler. Ruta er skilta og merka.

Turtips 1: Gå til Hedler, Litlastøl, Vatnasete og Måvotno. Dette er den greiaste og lettaste måten å gå denne turen på, og det er ein fin runde i same turområde. Det er merka frå Hedler og over til Litlastøl.

Turtips 2: Gå skogsvegen frå garden Velken og ikkje om Mjølstølen. Då kan du gå ein veg opp til Hedler, og ein annan veg ned. Begge desse vegane er merka. Denne skogsvegen er lett å følgje, men kan vera noko bratt i små partier. Det er utruleg fint å komme denne vegen inn mot stølen der du går på ein flott steinlaga sti heilt mot slutten, og du ser den store helleren som omkransar stølen.

Turtips 3: Gå vidare frå Hedler til Lyngerstjørn og Svartetjørn og evt. heilt fram til Geiturdi som er noko lenger, men flatare. (NB!- ikkje merka sti) Her er det fiskemoglegheiter og desse vatna høyrer og til Velken. Bruk turdagen ein hel dag i dette området som er så utruleg flott!

GOD TUR!